
Saksnr: 2022/96079-1
Saksbehandlar: Ann Kristin Kjerland

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og inkludering		22.03.2023

Tilskot til sikring og istandsetjing av verna og freda fartøy - Statsbudsjettet 2023 kap 1429 post 74**Forslag til vedtak**

1. Vestland fylkeskommune løyver tilskot til sikring og istandsetjing av verna og freda fartøy slik:

Søknad nr.	Fartøy	Eigar	Tildeling	Tilsegn 2024
1	Amy VII	Veteranbåtlaget Atløy	200 000	0
2	Atløy	Gunnar A. Ramstad	450 000	0
3	Axel	Odd Harald Turøy	250 000	0
4	Børingen	Atle -Vidar Hjartøy	0	0
5	Dokken	Opsangervågen kystlag	0	0
6	Eitrheim	Jan Helge Oppedal	8 060	0
7	Erkna	Atle Audun Remøy	0	0
8	Faun	Hardanger og Voss Museum	0	0
9	Folgefonn I	Hardanger og Voss Museum	3 000 000	1 500 000
10	Granvin	Veteranskiplaget Fjordabåten	1 600 000	0
11	Hardingen Sr.	Vestlandske trafikk AS	0	0
12	Klaus Ås	Darius Daniel Færøy-Niazmand	0	0
13	Lessing	Bergen Kommunale Kystkultursenter AS	0	0
14	Lindenes	Veteranbåtlaget MS Lindenes	800 000	0
15	Markol V	Bergen Kommunale Kystkultursenter AS	1 200 000	500 000
16	Mathilde	Hardanger og Voss Museum	630 000	0
17	Nyborg	A. Andersen Shipping AS	500 000	0
18	Quest	Ståle Eikeland	0	0
19	RS4 Feie	Bergen Seilskøyteklubb	80 000	0
20	Sjødampsprøite I	Bergen Brandkorps Historielag	0	0
21	Sjøgutt	Terje Midtun	200 000	0
22	Skånevik	Ferjelaget Skånevik	1 200 000	200 000
23	Stangfjord	Veteranbåtlaget M/S Stangfjord	700 000	0
24	Stavenes	Veteranskiplaget Stavenes	1 000 000	200 000

25	Stord I	Stiftelsen D/S Stord I	400 000	0
26	Sunnhordland	HSD Sunnhordland AS	0	0
27	Tysnes	Geir Røssland	200 000	320 000
28	Tysso	Kraftmuseet	0	0
29	Vestgar	Øygardsbåtane AS	800 000	0
30	Vikingen	Hardanger og Voss Museum	100 000	0
Sum			13 318 060	
	Strakstiltak 2023		442 940	
Sum	Tilskot og tilsegn		13 761 000	2 720 000
	SAVOS	Bergen kommune	605 308	
	SAVOS	Bremanger kommune	60 000	
	SAVOS	Drift – Vestland fylkeskommune	1 500 000	
	SAVOS	Fartøyvern ved musea – Vestland fylkeskommune	813 020	
	Renter	Vestland fylkeskommune	-240 225	
	Tilbaketrekte tilskot	Vestland fylkeskommune	-999 103	
Sum	Tildeling frå Riksantikvaren		15 500 000	2 720 000

2. Avdelingsdirektøren får fullmakt til å fordele inntil kr 442 940 i tilskot til strakstiltak. Dersom tiltak jf. tabellrad 1-30 ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadane for tildelinga, får avdelingsdirektøren høve til å omfordele midlane til ein eller fleire av dei innkomne søknadane. jf. pkt. 1 ovanfor.

3. Avdelingsdirektøren set nærare vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

Samandrag

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2023 kap. 1429 post 74 – tilskot til sikring og istandsetjing av verna og freda fartøy. Målgruppa for ordninga er eigarar og forvaltarar av fartøy som er freda eller har fått tildelt status som «verna fartøy» av Riksantikvaren. Vestland har fått tildelt 15,5 millionar frå post 74 for 2023. Ein del av tilskotet er SAVOS-midlar som Riksantikvaren tildeler kommunar og fylkeskommunar som sjølv gjev midlar til fartøyvern, i tilhøvet éin til éin. I tillegg til dei regionale og kommunale løyvingane på kr 2 978 328 kjem altså ein tilsvarande sum frå Riksantikvaren. For 2023 har 30 fartøy søkt om 52,3 millionar i tilskot, medan det er to kommunar som søker om tilskot via SAVOS-ordninga. Då begge desse skal tildelast over post 74, vert dei handsama i denne saka, saman med førehandstilsegn for 2024.

Per Morten Ekerhovd
avdelingsdirektør
Kultur og folkehelse

David J. Sandved
seksjonssjef
KFO - Kulturarv

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Vedtak om tilskot og tilsegn til Vestland fylkeskommune frå statsbudsjettet 2023 og 2024 kap
- 2 Omtale av søknadane - post 74

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvart år kan eigarar av verna og freda fartøy søkje fylkeskommunen om tilskot frå statsbudsjettet kap. 1429 post 74 til sikring og istandsetjing. Til søknadsfristen 1. november 2022 kom det søknad frå 30 fartøy som alle var søknadsberettiga, jf. retningslinene for tilskotsordninga. I tillegg søkte Bergen kommune og Bremanger kommune om tilskot frå SAVOS-ordninga tilsvarende kommunale midlar som er sette av til fartøyvernforemål. På bakgrunn av søknadane frå eigarar og kommunar, søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om kr. 29 000 000 og tilsegn for 2024 på kr. 3 500 000.

Føremålet med ordninga

Fartøy utgjer ein viktig del av den norske kulturarven, og Vestland er det fylket med flest freda og verna fartøy i landet. Fartøyvern er eit fagområde der frivillige, lag og organisasjonar har teke på seg eit stort fagleg og økonomisk ansvar. Tilskotsordninga for sikring og istandsetjing støt opp om dette arbeidet, og bidreg til at verna og freda fartøy kan sikrast og setjast i stand etter antikvariske retningslinjer og kan nyttast som ressursar i ei berekraftig samfunnsutvikling. Tilskotsordninga skal også bidra til å stimulere dei frivillige sin kompetanse og innsats i verdiskaping lokalt og regionalt, og til å oppretthalde kunnskapen om eldre handverk og teknikkar knytt til tre- og stålfartøy og fagmiljø med slik kunnskap.

Tildeling frå Riksantikvaren:	15 500 000 (tilskot 2023)* 2 720 000 (tilsegn for 2024)
Søknadsfrist:	01.11.2022
Vedtak kriteria:	Klima- og miljødepartementet 13.08.2021 Forskrift om tilskudd til fartøyvern
Informasjon om ordninga:	Informasjon på Vestland sin nettstad
Tal søknader:	30
Tal på søknader som er tilrådd tilskot:	19
Samla søknadssum:	52 296 764
Samla løyving (tilskot 2023):	13 318 060
*Av tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 74 er kr. 2 978 328 SAVOS-midlar. Tildeling til ordninga frå Statsbudsjettet er såleis kr. 12 521 672,- Til fordeling i ordninga er også tilbaketrekte midlar på kr. 999 103,- samt renter på kr. 240 225,- Dette gjev ein samla tilskotssum på 13 761 000,-	

Avdelingsdirektøren sine overordna kommentarar

13,76 millionar kroner skal fordelast til fartøya for 2023 over denne ordninga. I tillegg skal det gjevast tilsegn på 2,72 millionar kroner som tilskot for 2024 i same sak. Tilsegn vert nytta for å sikra naudsynt progresjon og kontinuitet i komplekse og langvarige istandsetjingsprosjekt. For post 74 er det sett av kr. 442 940 til strakstiltak og eventuell klagehandsaming. Samla tilskotssum er på nær 16,5 millionar.

30 av dei 53 verna og freda fartøya i Vestland søkte om tilskot til sikring og istandsetjing av verna og freda fartøy for 2023. Samla søknadssum er på 52 millionar. Tala syner stor trong for sikring og istandsetjing av dei verna og freda fartøya i Vestland. Midlane som er til fordeling i år utgjer omlag 26% av det omsøkte beløpet på ordninga. Dette er ein vesentleg nedgang i dekningsgrad samanlikna med i 2022, og det krev hard prioritering mellom mange gode og viktige tiltak. Også fartøy som oppfyller kriteria for tilskot, og/eller fell inn under dei forskriftsfesta prioriteringane, har fått avslag, eller redusert tilskotsbeløp sett i forhold til søknaden.

Forskrift om tilskudd til fartøyvern, kunngjort 17.08.2021, seier i §7 kva for prioriteringar som skal gjelda ved tilskotsfordeling:

Tilskudd skal fordeles etter følgende prioritering:

1. prosjekter som er igangsatt, eller opptar slipp eller dokk, som følge av tilskudd fra kulturmiljøforvaltningen
2. fartøy som har pålegg som må gjennomføres for å beholde sertifikater
3. fartøy som er fredet
4. fartøy og prosjekter med stor frivillig innsats.

Forskrifta seier òg at det er eit vilkår for å tildele tilskot at fartøyet har tilstrekkeleg grunnlagsdokumentasjon som gjer det mogleg å vurdere tiltaka det vert søkt tilskot til. Med grunnlagsdokumentasjonen meinast ei oppdatert tilstandsvurdering, ein teknisk-historisk dokumentasjonsrapport og ein restaureringsplan. Dokumentasjonsrapport og restaureringsplan skal vera godkjent av fylkeskommunen.

Forslag til fordeling er gjort med omsyn til dei forskriftsfesta prioriteringane. Avdelingsdirektøren har i fordelinga òg lagt vekt på å oppretthalde fagmiljø med handverkskompetanse knytt til tre- og stålfartøy.

Vestland fylkeskommune har ein stor flåte av verna og freda fartøy, og fleire av desse er under omfattande og ressurskrevjande istandsetjing. Verneflåten i Vestland har òg ein stor del passasjerfartøy. Fleire av desse har pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, som må utbetrast for å behalda sertifikata. Likeins har Vestland fylke 1/3 av dei freda fartøya i landet. Desse fartøya har det offentlege eit større ansvar for, og sikring og istandsetjing av desse må såleis prioriterast. Frå dei freda fartøya kom det søknad om vel 20,1 millionar til naudsynt sikring og istandsetjing. Fartøy eigde av museum får tilskot over driftsbudsjett for museum øymerkt fartøyvernforemål. Dette gjer at vedlikehaldstiltak for museumsfartøya er mindre prioriterte over post 74 enn tidlegare år.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Saka gjeld fordeling av øymerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

Klima:

Avdelingsdirektøren kan ikkje sjå at tiltaket har innverknad på klimarekneskapen for Vestland fylkeskommune.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 – Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 – Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 – Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

Konklusjon

Avdelingsdirektøren syner til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegget.